

Bergum burettslag

INNKALLING

GENERALFORSAMLING

24. april 2025

Kl. 18

Bomberommet i kjellaren i Bergum 1D

DAGSORDEN

SAK 01/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

SAK 02/25 Tal røysteføre/andelar

SAK 03/25 Konstituering

- A. Val av møteleiar.
- B. Val av protokollførar.
- C. Val av to til å signere protokollen.
- D. Val av tellekorps.

SAK 04/25 Rapport frå styret 2024–2025

SAK 05/25 Årsrekneskapen for 2024

SAK 06/25 Styrehonorar for perioden 2023–2024

SAK 07/25 Val

- A. Val av nytt styre
- B. Val av ny valnemnd

SAK 08/25 Innkomne saker

SAKSUNDERLAG

SAK 01/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Framlegg til vedtak: Innkalling og dagsorden vert godkjent

SAK 02/25 Tal røysteføre/andelar

Framlegg til vedtak: Det er xx røysteføre/andelar i møtet.

SAK 03/25 Konstituering

A. Val av møteleiar.

Framlegg til vedtak: Thor Erlend Mehammer vert valt som møteleiar.

B. Val av protokollfører.

Framlegg til vedtak: Thor Erlend Mehammer vert valt som protokollfører.

C. Val av to til å signere protokollen.

Framlegg til vedtak: xxxx og xxxx vert valt til å signere protokollen i lag med møteleiar.

D. Val av tellekorps.

Framlegg til vedtak: xxxx, xxxx og xxxx vart valt som tellekorps.

SAK 04/25 Rapport frå styret 2024–2025

Det er ikkje lenger eit lovkrav å skrive årsberetning. Dette som følgje av ei endring i rekneskapsloven frå 2018. Styret har uansett valt å legge ved ein rapport om styrets arbeid.

Framlegg til vedtak: Rapporten frå styret blir teken til vitende.

SAK 05/25 Årsrekneskapen for 2024

Årsrekneskapen og revisjonsberetning for 2024 ligg vedlagt.

Årsrekneskapen for 2024 vert tilrådd godkjent.

Rekneskapen syner eit driftsresultat på 672 196 kr. Inntekter var på 6 349 917 kr og driftskostnader på 5 677 721 kr. Rentekostnader er på 1 388 709 kr. Resultat -587 864 kr.

Framlegg til vedtak: Rekneskapen for 2024 vert godkjent.

SAK 06/25 Styrehonorar for perioden 2023–2024

(Alt av vederlag/honorar/godtgjersle til styret o.l. skal verte vedteken av generalforsamlinga jf. brl. § 8-4)

Generalforsamlinga skal vedta styrehonorar for perioden frå førre generalforsamling våren 2024 til og med ordinær generalforsamling 2025.

Råma gjeld òg styreleiar, men styreleiar for perioden 2024–2025 har ein eigen avtale med burettslaget, vedteken i generalforsamlinga i 2024, som gir styreleiar 4 utbetalingar i perioden 2024–2025.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ei øvre råme på 200 000 kr for perioden 2024–2025. Styret må halde seg til denne råma i si fordeling av honorar og møtegodtgjersle. Honorar og møtegodtgjersle skal ikkje overstige råma.

SAK 07/25 Val

A. Val av nytt styre

Styret slik det er samansett i dag:

Rolle	Namn	Periode
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer*	2024–2025
Nestleiar	Sissel Ekroll	2024–2026
Medlem	Damir Zovko	2023–2025
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024

Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Innstillinga blir ettersendt når den er klar.

B. Val av ny valnemnd

Valnemnda slik den er samansett i dag:

Rolf Helge Myren, Attval (2024–2025)

Bjarte Solaas, Ny (2024–2025) (vart valt inn på ekstraordinær generalforsamling i januar 2025.)

Hildegunn Bjørvik, Ny (2024–2025)

Valnemnda si innstilling til ny valnemnd:

Innstillinga blir ettersendt når den er klar.

SAK 08/25 Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Fullmakt til andre enn deg sjølv

Send ein e-post til thor@mehammerforvaltning.no der du skriv namn på den du gir fullmakt til å møte i ditt stad på generalforsamlinga.

Ein fullmakt kan også leverast skriftleg på papir, som vert levert møteleiar i forsamlinga.

Forslag til kva du kan skrive:

Hei!

Eg gir med dette xxxx fullmakt til å møte i mitt stad med røysterett på generalforsamlinga 24. april 2025.